

Fritidsmessa og tilflyttarsamlinga slår seg saman.

12.09.2017



Kvinnherad Turlag var på fritidsmessa i fjor. Dei er med i år og.

I år vert publikum invitert til fritidsmessa og tilflyttarsamling på same dag. Me ynskjer å gjere desse arrangementa meir tilgjengelig, opne og praktiske for både publikum og for lag og organisasjonar som har stands. Fritidsmessa opnar kl. 11.00 og held det gåande fram til offisiell opning av tilflyttarsamlinga kl. 15.00.




Festidalen var på plass på fritidsmesset i fjor.

På Fritidsmesset vil mange lag og organisasjonar stå på stands og visa kva deira lag og organisasjon held på med. Til no er det over 30 stands som har meldt seg på, men me har plass til fleire, seier Ingvild Marie Hilde i aktiv fritid. Det vil vera aktivitetar heile dagen og mange lag og organisasjonar melder om spennande stands og blant anna vil det verta muligkeit for å testa olabil, og tar du med deg sykkelen kan du prøve ei kjekk sykkelrøype som Kvinnherad sykkelklubb arrangerer.

Me satsar på at været spelar på lag og då får ein muligkeit til å prøve seg på tumblingmatta ute. I festalen vil det vera underhaldning med blant anna ulike bidrag frå kulturskulen fordelt gjennom dagen, ordføraren opnar fritidsmesset, og leiar for aktivitet, læring og meistring Geir Ove Fosse er konferansier denne dagen. I tillegg til dette vil det vera kafé, aktivitetar både på bibliotek og ungdomssenteret og kulturskulesenteret vil ha ei omvising på bygget.

Kl. 13.00 inviterer Kvinnherad kultursenter på gratis konsert i kinosalen, her kan du få med deg Knutsen & Ludvigsen med Trio tunnel. Altså her er mykje spennande du kan vera med på så du må passa på å setja av laurdagen til desse arrangementa.



Jan og Shirley Nordli var blant dei nyinnflytta uskedelingane op tilflyttarsamlinga i fjar.

Fritidsmessa gir så stafettinnen over til gjengen bak tilflyttarsamlinga. Kvinnherad Kommune og Kvinnherad Næringsservice inviterer dei som har flytt til Kvinnherad det siste året til ei samling. Dette vert det åttande året samlinga vert arrangert. Invitasjonar er sendt direkte i posten til ein person i kvar husstand med tilflyttarar.

Det er 350 personar som har meld flytting til kommunen det siste året. Me syns det er fint å samkøyre arrangementet med fritidsmessa, det gjer tilflyttarar ein god mulighet til å bli kjend med det rike lags- og organisasjonslivet i Kvinnherad, seier Emma-Kristin Ringheim Reigstad i Kvinnherad Næringsservice.
Me ynskjer fleire velkomne og det er enno ikkje for seint å melde seg på, og om invitasjonen ikkje er komen fram til deg og du ynskjer å koma, meld deg på til Karin Thauland(telefon Kvinnherad kommune 53 48 31 00.)
Samlinga vert i festsalen i Kulturhuset og her er det eit godt og variert program frå 15.00:

Velkommen v/ordførar Peder Sjo Slettebø
Underholdning v/Kvinnherad Kulturskule
Næringsjef i Kvinnherad Næringsservice, Silvia Tofte
Kvinnherad Turlag
Presentasjon av Ølve bygdalag
Pause med lett matservering, kaffi og te
Musikk av Kirill og Artur Zimin og Kelly Garbini Welling
Mykle Mikrobryggeri- etablerar
Ordførar trekkjer kommunen sin "tilflyttarpris"



Kelly Garbini Welling frå Brasil var gjest på tilflyttar samlinga i fjor. I år har ho musikkinnslag(piano) saman med Arthur og Kirill Zimin.

Tekst: Pressemelding.
Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland